
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 27. november 2015 13:58
Til: 'einar-mk@online.no'
Emne: Søknad om tilbygg til fritidsbustad på gbnr 6/23, 24 og 32- Trong for tilleggsdokumentasjon
Vedlegg: 6_23_24_32sitkart_500.pdf; 5153n-soknad_om_loyve_til_tiltak_utan_ansvarsrett (1).pdf; 20151127135005.pdf

Hei Einar Karlsen og Marit Holm Monsen,

Fylkesmannen i Hordaland stadfesta Meland kommune sitt vedtak av 28.4.2015, sak 34/205, som gir avslag på søknad om dispensasjon for etablering av tilkomstveg i brev datert 5.11.2015 på Dykkar eigedom på gbnr 6/23, 24 og 32. Det var saman med søknad om opparbeiding av veg, søkt om tilbygg til fritidsbustaden som kommunen gav dispensasjon til. Saka om tilbygget og terrassen skal no handsamast etter Plan- og bygningslova Kap 20, men administrasjonen ser at det er trong for tilleggsdokumentasjon før saka er komplett og klar til handsaming. Følgjande dokumentasjon må sendast inn:

- Det er oppgitt i dispensasjonssøknaden at tilbygget vil vera på 36 m² i første etasje, tilbygget er teikna inn med loft, og det må sendast inn snitteikning som viser målbart areal på loftet.
- Det er oppgitt at terrassen vert på 24 m². Slik administrasjonen forstår det, skal terrassen byggjast på allereie støpt plate/forstøtningsmur. Til orientering gjer administrasjonen Dykk merksam på at dersom gjennomsnittleg planert terreng overstig 0,5 meter, skal terrassen takast med i utrekning av BRA.

Det vert vist til **Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-4 og Byggesaksforskriften (SAK) § 3-1 bokstav a) Mindre**

tiltak på bebyggd eigedom: Som mindre tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-4 første ledd bokstav a regnes oppføring, endring, fjerning og riving mv. av følgjande tiltak, og som er i samsvar med plan- og bygningsloven § 1-6 andre ledd: et enkelt tilbygg hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebyggd areal (BYA) er over 50 m². Tilbygget kan i tillegg være underbygget med kjeller.

Søknad om tiltak etter Kap. 20 i Pbl.

- Dersom samla bruksareal (BRA) på tilbygg og terrasse overstig 50 m², kjem tiltaket inn under Pbl § 20-1, og det er krav til bruk av eit ansvarleg føretak. Er tiltaket under 50 m², kan tiltakshavar søkje sjølv om tiltaket etter Pbl § 20-4. Sjølve søknadsskjema må sendast kommunen.
- Tiltaket må teiknast inn på vedlagt kart 1:500, målsatt og i riktig målestokk.
- Det har i dispensasjonssøknaden opplyst at De vil installera biovac-system. Det må difor søkja om utsleppløyve etter Forurensningsforskrifta § 12-5, utsleppsløyve skal nabovarslast.

- Skal hytta tilkoplast offentlig vatn, må det søkjast om tilkopling.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang, før det ligg føre eit løyve etter Kap. 20 i pbl. Når søknaden er komplett vil saka verte teke fram til ordinær handsaming. Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Eg legg ved sjølve søknadsskjema for tiltak utan krav om ansvarsrett etter Pbl § 20-4. Dersom tiltaket kjem inn under Pbl § 20-1, skal søknaden sendast inn av eit føretak med ansvarsrett for denne typen tiltak, og dei har då kontroll på dette.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt!

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no

